



Jobbnorge-ID: 299409

Søknadsfrist: 27.04.2026

Nettside: <https://www.statsforvalteren.no/nb/vestland/>

Omfang: Heiltid

Varighet: Fast

Verneområdeforvaltar for Nærøyfjorden og Stølsheimen

Verneområdeforvaltar

Om stillinga

Statsforvaltaren i Vestland har ledig ei fast stilling som verneområdeforvaltar for Nærøyfjorden og Stølsheimen.

Hos oss får du ein variert og spennande jobbkvardag med faglege utfordringar og høve til eiga utvikling i eit kompetent og tverrfagleg arbeidsmiljø. Du vil arbeide tett saman med andre verneområdeforvaltarar i fylket og med Statens naturoppsyn.

Verneområdeforvaltingasamarbeider med lokale, regionale og nasjonale myndigheiter, politikarar, grunneigarar, reiselivsverksemdar og andreorganisasjonar. Du finn meir informasjon her: [Nasjonalparkstyre | Nærøyfjorden landskapsvernområde](#) og [Nasjonalparkstyre | Stølsheimen landskapsvernområde](#)

Arbeidsstad er Aurland. Stillinga vert lyst ut som ei hundre prosent stilling, men kandidatar som ønskjer redusert stilling kan også søkje.

Arbeidsoppgåver

- Saksførebuing for verneområdestyret
- Planlegging og oppfølging av tiltak og prosjekt
- Arbeid med forvaltningsplanar
- Formidling i ulike forum og plattformer
- Andre oppgåver innan verneområdeforvaltning kan bli aktuelle

Kvalifikasjonar

- Høgare naturfagleg utdanning (mastergrad eller tilsvarande). Relevant arbeidserfaring kan erstatte utdanningskravet.
- Det er ønskeleg med relevant erfaring frå offentleg naturforvaltning, og spesielt frå forvaltning av verneområde.
- Gode kommunikasjonsevner med god munnleg og skriftleg framstillingsevne på nynorsk.
- Erfaring frå digitalt formidlingsarbeid er ein fordel.
- God lokalkunnskap er ein fordel.
- Førarkort for bil. Du må rekne med noko reising i jobben.

Personlege eigenskapar

Vi ser etter deg som

- er strukturert og sjølvstendig
- er fleksibel og løysingsorientert
- tek initiativ og har god gjennomføringsevne
- har gode samarbeidsevner, godt humør og bidrar positivt til arbeidsmiljøet
- god rolleforståing med evne til å jobbe innanfor komplekse aktørnettverk

Ved vurdering av formelt kvalifiserte kandidatar vil personleg eigenskapar bli vektlagt.

Som tilsett hos Statsforvaltaren får du

- interessante arbeidsoppgåver
- eit kompetent og tverrfagleg arbeidsmiljø
- ein arbeidsplass i utvikling
- medlemskap i Statens pensjonskasse med god pensjonsordning, gunstig bustadlån og forsikringsordning
- trening i arbeidstida
- delvis heimekontor
- fleksibel arbeidstid
- løn i samsvar med vår lokale lønspolitikk

Arbeidsstaden ligg i kommunar som er omfatta av den nye ordninga for sletting av studiegjeld. Det vil seie at etter eitt år som yrkesaktiv kan du få sletta 25 000 kroner av studielånet ditt.

Vi ønsker mangfald

Statsforvaltaren ønsker mangfald, og vil leggje til rette for eit inkluderande arbeidsliv. Aktuell tilrettelegging kan for eksempel vere tekniske hjelpemiddel, tilpassing av møblar eller endringar av rutinar, arbeidsoppgåver og arbeidstid.

Vi meiner at inkludering og mangfald er ein styrke. Vi ønsker tilsette med ulik kompetanse, fagkombinasjonar, livserfaring og perspektiv for å bidra til endå betre oppgåveløysing.

Vi oppmodar alle kvalifiserte kandidatar til å søkje utan omsyn til alder, kjønn, nasjonal eller etnisk bakgrunn, funksjonsevne eller hol i CV-en. Vi oppmodar om å krysse av i jobbsøklarportalen dersom du har nedsett funksjonsevne, hol i CV-en eller innvandrarbakgrunn. Dersom det er kvalifiserte søkjarar frå desse gruppene kallar vi inn minst ein søkjar i kvar av gruppene til intervju.

Vilkår

Alle som søker stillinga må søkje digitalt gjennom rekrutteringsportalen Jobbnorge. Du må laste opp relevante vitnemål og attestar. Vitnemål og/eller karakterutskriftar hentar du frå vitnemålsportalen i Jobbnorge. Har du utdanning frå utlandet legg du ved godkjenning frå [HK-dir](#).

Når søknadsfristen er ute, vurderer vi søknaden din på bakgrunn av informasjonen du har sendt oss. Det er derfor viktig at du både i søknadsbrevet og CV-en, viser korleis kompetansen din fyller krava som er sett i utlysinga.

Stillinga er lønna i stillingskode 1434 rådgjevar/1364 seniorrådgjevar, frå kr 610 000-770 000 brutto per år ut frå kvalifikasjonar og lokal lønnspolitikk. Stilling som seniorrådgjevar har strenge krav til kompetanse. For særskilt kvalifiserte søkjarar kan vi vurdere høgare lønn.

Dei første seks månadane er prøvetid. Du kan lese meir om det i [statens personalhandbok](#).

Tenestemålet til embetet er nynorsk.

Offentleg søkerliste blir utarbeidd etter søknadsfrist. Dersom du ønsker å reservere deg frå oppføring må du grunngje dette. Du får varsel om reservasjon i rekrutteringsportalen dersom reservasjon ikkje blir teken til følge.

Om Statsforvaltaren i Vestland

Statsforvaltaren har eit heilskapsansvar for all statleg verksemd i fylket, og skal følgje opp vedtak, mål og retningslinjer frå stortinget og regjeringa. Vi skal dessutan fremje fylket sine interesser, og kan dermed ta initiativ både lokalt og overfor sentrale styringsmakter.

Statsforvaltaren kjenner kommunane, og er i kontakt med mange enkeltmenneske i ulike situasjonar og livsfasar. Vi jobbar heile tida for at omverda skal oppleve Statsforvaltaren som tilgjengeleg, nær og løysingsorientert.

Statsforvaltaren i Vestland er ein spennande arbeidsplass med seks avdelingar og kring 280 tilsette. Vi har delt lokalisering mellom Leikanger, Bergen og Førde - med hovudsete i Leikanger.

Tilleggsinformasjon

Kontaktperson:

Aslaug Aalen, miljødirektør

Telefon: +4741555725 | E-post: aslaug.aalen@statsforvalteren.no

Arbeidsstad:

Onstadvegen 25 5745 Aurland (Aurland Kommune)